



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Aukra kommune.
Trond og Gro Øverland Håkenstad.
Konsesjonspliktavurdering av kulturdam gnr11 bnr19.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

Søknaden gjeld etablering av ein dam med eit areal på inntil 1,5 dekar, med maksimal djupne på 2 meter. Det går fram av søknaden at det i området i dag går ein bekk gjennom eit ulendt myrsøkk. Det blir opplyst at det i første omgang ikkje skal setjast ut fisk i dammen.

Merknader

I området rundt Jærmannburet (det høgste punktet på Gossen, 99 moh) er det registrert eit større areal som naturtype kystlynghei av lokal verdi. Den føreslåtte dammen ligg i utkanten av dette området og det kan sjå ut til at den sørlege delen av tiltaket så vidt kjem innanfor avgrensinga til naturtypen. Vi kan likevel ikkje sjå at ein dam som omsøkt vil ha særleg påverknad på naturkvalitetane i området. Ut over dette kjenner vi ikkje til naturfaglege registreringar i området.

Det går ikkje anadrom fisk i bekken. Fylkesmannen kjenner heller ikkje til registrerte friluftsinnteresser som vil bli rørt av tiltaket.

Kartlegging av biologisk mangfald i Aukra kommune vart gjort i 1999-2000. Ei supplerande kartlegging av naturtypar vart gjennomført i 2011. Med bakgrunn i dette meiner vi at kunnskapsgrunnlaget i forhold til naturmangfaldlova § 8 er tilfredstillande.

Det blir opplyst at målsettinga med dammen er å auke det biologisk mangfaldet. Gardsdammar kan vere gode biotopar for m.a. amfibiar og andre vasstilknytte organismar. Dersom det er ønskje om å lage ein god lokalitet for amfibiar bør ein ikkje setje ut fisk, da amfibielarvane er svært utsette for å bli spist av aure og annan fisk. Vi vil også minne om at det er forbod mot å setje ut fisk utan løyve; jfr. lakse- og innlandsfisklova § 9. I vassdrag er det også forbod mot å setje ut andre organismar utan løyve.

Konklusjon

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltaket vil røre ved ålmenne interesser i ein slik grad at vi vil tilrå konsesjonsbehandling. Dersom NVE finn at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, vil det likevel vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova (§ 20-1). Dammar må også sikrast, jfr. pbl § 28-6.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Aukra kommune, Aukraringen 25, 6480 Aukra
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Trond og Gro Øverland Håkenstad, Eikrem 10, 6480 Aukra